

KONTRAKT FOR INTERNAT PÅ ROGNE

1. Leietakar

Namn/elev: _____ Fødselsnr: _____ Klasse: _____ Mobnr: _____

Namn/føresett : _____

Rekningsadresse: _____

Telefon/mobil, heime: _____ E-post, heime: _____

Rekningsmottakar, avkryss: (mor)___(far)___(elev)___ Fødselsnr til rekningsmottakar: _____
(rekningsmottakar må vera fylt 18 år, elles går faktura til føresette)

2. Hybelen

Hybelleige vert fakturert etter det bu-alternativet som vert *tildelt* den einskilde leietakar. Du ertildelt rom
nr: _____ til månadspris kr : _____

Internatet er døgnbetjent med nattevakt, miljøarbeidarar og internatleiar. Hybelromma er enkelt utstyrt, med seng, skap, skrivebord og stol. Det er tilgang til internett på hyblane. Det er gangavstand til sentrum, og det er gode bussforbindelsar til skulen morgon og ettermiddag.

Vi held stengd i jule- og i påskeferien. Dette er teke omsyn til (fråtrekt) i prisen. I tråd med våre utleigevilkår kan erstatning ikkje krevjast dersom stenging skuldast forhold utanfor skulen sin kontroll, slik som ekstraordinære naturhendingar, offentlege påbod og forbod, streik og lockout etc.

3. Kortare eller lengre reiser m.m.

Dersom ein ikkje bur på hybelen sin periodar av skuleåret grunna internasjonale reisestipend, utplassert i bedrift eller liknande fører ikkje det til avkorting i betaling for hybelen. Dette grunna at ein disponerer bueininga heile perioden.

4. Tap av nøkkel

Tap av nøkkel og utlevering av ny, kostar leietakar kr 1500,- per gong. Hybeltaakar står ansvarleg for nøkkelen og må erstatte evt. tap av nøkkel fordi låsen må skiftast ut.

5. Betaling

Hybelleige vert fakturert den 1. i månaden med betalingsfrist på 20 dagar. Alle endringar i leigepreis vert justert per skuleår. Dersom leietakar sluttar på skulen, og eller flytter ut frå internatet må han/ho betale for hybelen såleis:
Gjensidig oppseiingsfrist er 2 månadar og reknast frå starten av påfølgende månad. Seier du t.d. opp *plassen din i løpet av januar vil vi stoppe fakturering den 01. april.*

6. Brannvern

Utleigar syter for at hybelen er forsvarleg brannsikra. Leietakar må setje seg inn i bruken av brannvernustyr, og pliktar å møte opp til oppsette øvingar i bruk av brannvernustyr. Alle må respektera brannreglane for internatet.

7. Innflytting / utflytting

Ved innflytting skal leietakar og utleigar saman sjå til at rommet/hybelen er i orden. Eventuelle manglar skal noterast og eventuelt rettast opp der det er mogeleg. Når leigeforholdet er slutt, skal leietakar overlevere hybelen og inventar i same stand som ved innflytting. Hybelen skal vera rydda og reingjort (ref. liste for kriteriar for utvask). Manglande reingjering vert fakturert med kroner 2000.

Ved utflytting skal nøkkel leverast inn og utleigar skal kontrollere hybelen. Eventuelle skader og manglar som er komne til etter innflytting skal erstattast og vert fakturert.

KONTRAKT FOR INTERNAT PÅ ROGNE

8. Hybelkontroll

Leigetakar skal halde hybelen låst. Internatet sitt personell, skuleleiinga og rådgjevarar, elevinspektør og miljøarbeidarar kan kontrollere hybelen ved behov. Dette gjeld også ved vekking.

Rutinemessige kontrollar vert utført med leigetakar tilstades eller etter avtale med leigetakar.

9. Reinhold

Leigetakar har sjølv ansvar for reinhold av eigen hybel. Dersom eit rom ikkje vert rydda og vaska etter påtale kan internatleiar vaske for kroner 600. per gong. Hybeltakar vert fakturert for dette i etterkant av utført vask.

10. Røyking og bruk av rusmidlar

Hybelhuset er snus og røykfritt. Det er ikkje høve til å oppbevare alkohol eller andre rusmidlar. Ein skal heller ikkje visa seg rusa på internatet. Utleigar kan krevje at leigetakar leverer urinprøve når det er sterkt mistanke om misbruk av rusmiddel. Dersom leigetakar motset seg dette vil dette blir tolka som misbruk. Slike forhold medfører utvisning frå internatet.

11. Gjester

All overnatting skal søkjast om skriftleg innan kl.21.00 dagen førevegen for overnatting, for helg seinast torsdag kl.21.00. Søknad vert levert til internatleiar for godkjenning.

Leigetakar kan ha besøk på hybelen fram til kl 22.00. Etter kl 23.00 skal det vera ro på hybelen.

12. Avtalebrot / utkasting:

Utleigar har høve til å seie opp leigeavtalen for lengre eller kortare tid med straksverknad når:

- a) leigetaker gjer vesentlege brot på leigeavtalen, og eller på ordensreglementet
- b) leigetakar gjer stor skade på internatet eller inventaret
- c) leigetakar har manglande betaling av uteståande krav, og ikkje viser betalingsvilje
- d) leigetakar nyttar sjølv, og eller sel eller oppbevarer rusmidlar på hybelhuset
- e) leigetakar ikkje fylgjer opp skulearbeidet slik som ordensreglane krev (t.d. ved skulk og udokumentert fråvær) kan leigeforholdet seiast opp.

13. Internett

Internett på skulen er til bruk for lekser og ikkje gaming/streaming.

Innflyttingsdato: _____

Sign. konst. rektor Marit Rykke, utleigar

sign. Leigetakar/elev

sign. Føresette, når leigetakar er under 18 år